

# ÅRSPLAN FOR HØYDALSMO BARNEHAGE 2020/2021



*Godkjent i SU- 14.09.2020*

## Innhold:

- Presentasjon av barnehagen
- Praktisk informasjon
- Tema gjennom året
- Foreldresamarbeid
- Personalsamarbeid
- Forventninger
- Overgang barnehage - skule
- Barnehagens innhald
- Årshjul
- Sjuke barn i barnehagen
- Progresjonsplan for Høydalsmo barnehage
- Trafikksikker kommune

## PRESENTASJON AV BARNEHAGEN:

Høydalsmo barnehage er ein kommunal, 2- avdelingsbarnehage. Den eine avdelinga, «Toppen», høyrer til i same bygg som Høydalsmo skule. Der er barn frå 4-5år. Den andre avdelinga ligg i det ordinære barnehagebygget. Der er barn frå 1-4år. Me har valt å dele den avdelinga i 2, stor delar av veka. Både turar og aktivitetar, så det blir meir tilpassa alder og utvikling. Opningstidene er kl.07.00-16.30.

Kontaktinformasjon:

Styrar: Andrea Lid Strømme

Mobil: 959 28 546

E-post: [andrea.lid.stromme@tokke.kommune.no](mailto:andrea.lid.stromme@tokke.kommune.no)

[Hoydalsmo.barnehage@tokke.kommune.no](mailto:Hoydalsmo.barnehage@tokke.kommune.no)

Heimeside: [www.tokke.kommune.no](http://www.tokke.kommune.no)

Barnehagen:

Tlf: 350 75 290 - mobil: 409 14 638

Besøksadresse: Eidsborgvegen 1795, 3891 Høydalsmo

Postadresse: Storvegen 60, 3880 Dalen

Toppen:

Mobil: 409 12 440 – 901 84 831

Besøksadresse: Eidsborgvegen 1795, 3891 Høydalsmo

Postadresse: Storvegen 60, 3880 Dalen

## PRAKTISK INFORMASJON:

Kjernetida i barnehagen er mellom kl. 09.00-14.00. Dersom barnet ikkje kjem innan kl. 09.00, vil barnehagen ha beskjed, då turar og aktivitetar på planen ofte startar i kjernetida.

«Barnehageåret tek til 15. august, om ikkje det er lagt planleggingsdag på dette tidspunkt. I såfall tek barnehageåret til fyrste ordinære verkedag etter denne datoen». Vedtektene for barnehagane i Tokke kommune

Vedtektene til barnehagen ligg på Tokke kommune si heimeside.

Månadsplanar og anna informasjon vert sendt på e-post og SMS, me skal i løpet av året bruke eit program som heiter Visma Flyt barnehage. Her vil me kunne ha dialog barnehagen og føresette.

## **Dette treng barnet i barnehagen:**

### **Skift:**

Undertøy, stillongs, sokkar, bukse, genser, innesko, ullundertøy, ull/fleece som mellomlag, ullsokkar, lue og gode vottar. (gjerne ullvottar til borna som søv i barnehagen).

Sovevogn og tilbehør.

Solkrem og solbriller.

Dress, regntøy, støvlar, joggesko, vintersko.

**Tenk årstid og merk kledda!**

Hugs at uteklede skal takast med heim til vask ved behov, og hyller skal tømast kvar fredagen.

## **TEMA GJENNOM ÅRET:**

Personalet i barnehagane i Tokke kommune vil arbeide vidare med prosjektet inkluderande barnehage og skulemiljø dette året. Me skal også til med eit nytt prosjekt, og vere pilotar for BTI (*Betre Tverrfagleg Innsats*) i Tokke kommune. «BTI er ein organisasjonsmodell som skal vere til hjelp og støtte for dei tilsette. BTI skal bidra til at barn, unge og familiane deira får naudsynt hjelp så tidleg som mogleg. Den er laga for å betre samhandlinga mellom dei ulike kommunale tenestene som jobbar med utsette barn og unge. I tillegg skal den sikre brukarmedverknad frå barn/unge og deira familie».

<https://tokke.betreinnsats.no/>

Tokke kommune har utarbeid ein barne og ungdomsplan som er gjeldane frå 2020-2024. Denne planen har 3 mål:

*Alle barn og unge har rett til omsorg og trygg oppvekst. Dette er overordna alle andre omsyn.*

*Barn og unge er viktige for Tokke kommune. Dei kan og dei vil berre dei slepp til. Alle barn og unge i vår kommune har rett til å høyre til eit fellesskap i barnehage, skule og fritid.*

Desse måla har me knytt opp mot prosjektet Inkluderande barnehage og skulemiljø, det held fram til desember 2020. Fokuset er leik, venskap og gode relasjonar. Me vil ha fokus på korleis me er saman med andre, og at alle kjenner at dei høyrer til i eit trygt og godt fellesskap. «*Barnehagen skal bidra til barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Om eit barn opplever krenkelsar eller mobbing, må barnehagen handtere det, stoppe det og følgje det opp*» R-17.

Aktive vaksne som er tilstades der det er leik og samspel. Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og venskap. Barna skal få støtte i å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjend med eigne og andres kjensler.

Endring av barnehageloven: Barnehageloven kjem med endringar gjeldane frå 01.01.2021. Eit nytt kapittel og ein tilføyelse på §3. Desse bestemmelsane blir tatt inn for blant anna bidra til å sikre at barn har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø.

Barnehageforum i Vest-Telemark har samarbeidd om kompetanseheving og utviklingsprosjekt i mange år. I år har me søkt om midlar hjå universitetet i sørøst-norge. Tokke kommune skal bruke USN sine ressursar på

planleggingsdagar og personalmøte gjennom året. Tema vil vere knytt opp til inkluderande barnehage og skulemiljø, med stikkord som sensitive vaksne i relasjon med barn tilbakemeldingskultur. Me vil også prøve å knytte opp dette med prosjektet BTI, og tverrfagleg arbeid.

## SJUKE BARN OG BARNEHAGE

<https://www.fhi.no/nettpub/smittevernveilederen/temakapitler/barnehager-og-smittevern/#anbefalinger-om-naar-syke-barnehagebarn-boer-holdes-hjemme>

### Covid-19

Barnehagekvardagen kan endre seg brått med tanke på situasjonen me er i og covid-19. Me kan gå til raudt nivå, som betyr endå strengare reglar, små kohortar, faste vaksne og kanskje kortare opningstid. Men dette kan me ikkje forut sjå, derfor henviser me til utdanningsdirektoratet si heimeside (Udir.no). Og så kjem det løpande informasjon frå barnehagen og på kommunen si heimeside. Tokke.kommune.no

## FORELDRESAMARBEID

*«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.»*  
*Jf Barnehagelova §1*

Levering og henting er naturlege situasjonar for kontakt mellom foreldre/føresette og personalet.

Barnehagen tilbyr to foreldresamtaler gjennom året, ein på hausten og ein på våren. Er det noko utover desse samtalen er me opne for fleire møter.

Det vert to foreldremøter i løpet av året, eit på hausten og eit på våren.

Alle barn i barnehagen må ha 5 veker ferie i løpet av året, og 3 av dei må vere samanhengande om sommaren. Den eine veka er planleggingsdagane til personalet.

Samarbeidsutvalet sine representantar i foreldregruppa vert valt om hausten, på det fyrste foreldremøte. Det skal veljast ein foreldrerepresentant frå kvar avdeling på fyrste foreldremøte på hausten. Det skal og veljast ein vara, og den rykker opp som foreldrerepresentant året etter. Foreldrerepresentanten skal representere foreldra og sitte i samarbeidsutvalet. I samarbeidsutvalet sit det foreldrerepresentant, ein representant for barnehagen(avdelinga), ein representant frå eigar (politikar) samt styrar

#### - Tilvenning

Før oppstart vil barnehagen ha ei oppstartsamtale med føresette og ein besøksdag for føresette og barnet. Slik kan barnehagen og den nye familien bli betre kjend, og ta imot barnet på ein betre og meir tilpassa måte.

For at barnet skal få med seg gode minner frå innkøyringsperioden er det ei styrke at det etablerast eit godt samarbeid mellom foreldre og barnehagepersonalet. Slik vil barnet få ei oppleving av at barnehagen er ein trygg base. Vidare er det fint for barnet om mor og /eller far set av nokre dagar til å vere saman med barnet i barnehagen. Det er ulikt frå barn til barn kor lang tid dei treng for å gje slepp på mor og far, men det er viktig at barnet får den tida det treng for tilpassing. Når barnet slår seg til ro, kan mor/far ta seg ein liten tur, for så å koma tilbake. Då blir barnet trygg på at du kjem snart igjen. Det er viktig at du seier ifrå til barnet når du går slik at barnet til ei kvar tid veit kvar du er. Dette skapar tryggleik for barnet. Det er og fint om barnet ikkje har så lange dagar i starten, det kan bli slitsamt for eit lite barn å byrja i barnehagen.

Me ynskjer gjerne at barn og føresette kjem innom på besøk før den ordinære tilvenninga byrjar. Ta kontakt med barnehagen, så legg me opp ein plan saman.

## PERSONALSAMARBEID

*«Barnehagen er ein lærande organisasjon der heile personalet skal reflektere rundt faglege og etiske problemstillingar, oppdatere seg og vere tydelege rollemodellar. Dei skal ivareta relasjonar mellom barna i grupper, mellom barn og personalet og mellom personalet og føresette». R-17.*

For å få ein god barnehage er det viktig med godt samarbeid. Og for å utvikle oss i personalgruppa brukar me plandagar, pedagogiske forum, ulike kurs/foredrag, nettverksmøte i kommunen og FSB (forum for systemretta arbeid i barnehage)-eit samarbeid mellom kommunen og PPT. Me har og personalmøter og avdelingsmøter med jamne mellomrom, og pedagogisk leiarmøte er to gonger i månaden.

Det er fem planleggingsdagar i løpet av året, då barnehagen er stengt. Der er det tid til rettleiing, kursing av personalet, planlegging og evaluering.

Dei vaksne i barnehagen skal vere gode rollemodellar, førebilete og god støtte for barna i barnehagen. Det er viktig at me ser kvart enkelt barn og at kvart enkelt barn føler det blir sett.

Våre eksterne samarbeidspartnerar er:

BUP – Barne og ungdoms psykiatri

PPT – Pedagogisk og psykologisk teneste

Barnevernet

## FORVENTNINGAR

Dette forventar me av deg som føresett:

- Du gjev oss nødvendig informasjon om barnet ditt, slik at me veit om helse, søvn, dagsform og eventuelle endringar i familiesituasjon.
- Du møter opp på foreldremøte, foreldresamtaler, dugnad og andre arrangement som barnehagen har ansvar for.
- Du les planane våre og held deg orientert om det som skjer rundt barnet i dagleglivet i barnehagen.
- Du gjev konstruktiv tilbakemelding på saker som opptek deg.
- Du ringer og gjev beskjed dersom barnet ditt ikkje kjem, eller om de er forsinka. Du må også gje beskjed om det er andre som skal hente barnet ditt. Og det er viktig at du tek kontakt ved bringe- og hentesituasjonar.
- Du har til ei kvar tid oversikt over at barnet ditt har nok skift og hensiktsmessige klede i høve til årstid, vær og temperatur.
- Det du ser i barnehagen av andre barn skal ikkje vere samtaleevne utanfor barnehagen.

Dette kan du forvente av oss:

- Du skal møte nære, omsorgsfulle personale som gjev mykje kjærleik. Glede og humor skal vere eit viktig element i kvardagen vår.

- Du skal føle deg trygg på at barnet ditt vert sett og høyrte i barnehagen.
- Du skal bli møtt på høfleg og respektfull måte.
- Du skal møte eit positivt personale som gjev god informasjon om barnehagens kvardag, slik at du kjenner deg trygg på at barnet ditt får ein god dag.
- Du skal få god informasjon om barnehagen gjennom årsplan, månadsplaner og månadsbrev.
- Du skal forvente at me samarbeider med deg og bistår med å gje ditt barn ei god utvikling i leik med andre barn, og i kontakt med oss vaksne.
- Du skal kjenne tryggleik for å ta opp ting du er usikker på, misfornøgd med eller lurar på.
- Du skal vite at personalet og vikarar har teieplikt.
- Du kan forvente at me er serviceinnstilt og brukarvennlege.
- Du kan forvente at me stadig har som mål å tenkje og utvikle kvalitet gjennom fagleg oppdatering.

## OVERGANG BARNEHAGE SKULE

Kommunen har ein overgangsplan som gjeld for overgangen frå barnehagen til skulen. Barnehage og skule skal leggje til rette for at barn og føresette skal oppleve overgangen mellom barnehage og skule oversiktleg og trygg. Det skal finnast hensiktsmessige løysingar for barna som skal byrje på skulen. Føresette skal samtykke til informasjonsutveksling, dei har innsyn og innflytelse på dette. Det skal vere fokus på kva barnet kan og meistrar, samt ulike behov for særskild tilpassing.

Frå 1. august vert dei barna som har barnehageplass og skal byrje på skulen tilbodet sitt på SFO fram til skulestart. Dette er uansett om ein skal ha SFO-plass eller ikkje.

## BARNEHAGENS INNHOLD

I Høydalsmo barnehage skal me lage ein god og trygg kvardag for barna, og skape gode barndomsminner,

Ein meiningsfylt dag byr på:

*Humor og glede*

*Tid til leik*

*Vener*

*Utfordringar*

*Meistring gjev styrke*

*Magiske augneblink*

*Samarbeid*

*Hjelpe kvarandre*

*Dele*

Gjennom kvar dag, kvar veke, kvar månad har me fokus på omsorg, trygglek, samhald, sosial kompetanse, barns medverknad og danning. Dette er tema me er innom enten det er i leik, vaksenstyrde aktivitetar eller under måltid og kvardagslege situasjonar.

*«Barnehagens samfunnsmandat er, i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barnas behov for omsorg og leik og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling». R-17.*



**- Omsorg og tryggleik:**

Tryggleik er eit grunnleggjande fundament for vidare læring. Den trygge tilknyttinga er nødvendig for at barn skal utvikle seg maksimalt.

Me set av god tid til tilvenning for kvart enkelt barn. Barna skal få mogelegheit til å føle tryggleik til personale og barnehagen, før dei skal ta denne arenaen i bruk utan føresette ved si side.

Me delar dei daglege små opplevingane. Ved at me er til stades, leikar, ler og undrar oss saman med barna, skapast gode lærings situasjonar. Gjennom slike felles opplevingar ynskjer me å gje barna verdifulle barndomsminne og bidra positivt i barnets danning prosess.

**- Samhald:**

Me vil lære å ta vare på kvarandre. Me skal lære oss å setje oss inn i andre sin situasjon? Ungane skal få fortelje si historie, kven er eg? Gjennom desse samtalene skal me bli betre kjend og få vita meir om kvarandre sin bakgrunn og dermed knytte tettare band.

Me skal ha respekt for kvarandre, vere inkluderande, opne, demokratiske og forståelsesfulle.

- **STOPP-regel:**

«Når nokon gjer noko mot meg som eg ikkje likar, skal eg seie «STOPP».

Eg skal seie «STOPP» når andre vert plaga.

Eg skal respektere at andre seier «STOPP»». –*Tokke kommune sin handlingsplan mot mobbing.*

«Jeg er meg, min meg». Det er viktig å lære at kroppen er min. Det er viktig å lære at ein kan sei stopp. Barn som lærer tidleg om kroppen, er mindre utsatt for overgrep seinare. Dei veit kva som er greitt og ikkje greitt. Med utgangspunkt i boka til Eli Rygg og Margrete Wiede Aasland, vil me snakke om kroppen og gode og vonde hemmelegheiter. Hemmelegheiter som er vonde å halde på, følast som stein i magen. Det er viktig å få fram at slike hemmelegheiter må me fortelje nokon om.

- **Sosial kompetanse:**

Målet for året er å skape gode relasjonar og vennskap. Me vil ha fokus på leik og samarbeid. Me vil førebygge diskriminering og mobbing, og fremme empati og medkjensle. Venskap og gode relasjonar skaper trivsel og utvikling. Barna skal oppleve meistring, og me skal styrke barnas sjølvkjensle gjennom sosiale aktivitetar.

Bli kjent med ulike kjensler, kjenne igjen ulike kjensler hjå andre. Og elles problemløysing.

- **Barns medverknad:**

Barns medverknad er eit vidt begrep. Det at barn viser initiativ til å gjera ein konkret ting, eller at personalet gjer større strukturelle endringar av rom eller materiell, kan vere eksempel på dette. Endringar vert gjort på grunnlag av observasjonar og tolkingar av barnegruppas ulike behov. Til dømes kan me tilretteleggje avdelinga for ein spesiell type leik, dersom me ser at gruppa er opptekne av dette.

Barns medverknad betyr at deira meiningar og interesser skal bli høyrd og teke på alvor av oss som jobbar i barnehagen. Barna skal oppleve anerkjenning. Det er barna me er i barnehagen for. Då skal sjølvstøtt deira ytringar spela ei rolle i kvardagen.

- **Danning:**

Danning handlar i hovudsak om å gje barn moglegheit til å utvikle sine kunnskapar eller ferdigheiter, slik at dei vidare i livet kan gjera etisk grunna val. Gjennom gode danningssprossar blir barn i stand til å handtere livet ved at dei utviklar evna til å vere prøvande og nysgjerrige på omverda og til å sjå seg sjølve som ein verdifull medlem av eit større fellesskap.

Danning er meir enn utvikling, meir enn læring, meir enn omsorg, meir enn oppseding og meir enn sosialisering. Samtidig rommar danning alt dette. Å gjera både positive og negative erfaringar rundt ulike ting, og kjenne på korleis det kjennes på godt og vondt, er viktig læring å ta med seg vidare. Danning er difor ein livslang prosess som er tett samanvevd med og danner grunnlaget for omsorg, lek og læring.

#### - **Kvifor er leiken viktig?**

Mykje av kvardagen til barn består av lek. Lek er viktig fordi den har stor betydning for barnets utvikling og sosialisering. Lek kan stimulere alle sider ved barns utvikling, og den er eit veldig sentralt område for læring. Lillemyr, Ole Fredrik, universitetsforlaget 2009, «*Lek på alvor*».




*Barns lek fortel oss vaksne mykje om deira læring, utvikling og sosialisering på forskjellige område, samstundes som leikeopplevingar og leikeerfaringane barna får, gjev dei erfaringar dei har bruk for seinare, og som bidreg til deira læring og utvikling. Leiken har altså ein eigenverdi for barnet.»* Lillemyr, Ole Fredrik, universitetsforlaget 2011, «*Lek på alvor*».




Kvar avdeling utarbeider sin månadsplan som føresette får før kvar måned. Dette for at føresette skal få oversikt over kva me driv på med, samtidig som barnehagen då forventar at barna kjem klare til dei ulike aktivitetane, som til dømes turar og liknande.

Gjennom året vil me ha ulike utflukter, utforske kommunen vår, gardsbesøk og turar i nærmiljøet der me ikkje treng transportmiddel.

## ÅRSHJUL for hausten 2020



ÅRSHJUL for våren 2021



## PROGRESJONSPLAN for Høydalsmo barnehage

«Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehageinnhaldet, og barnehagen skal leggje til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte høve til leik, aktivitetar og læring» R-17

### Kommunikasjon, språk og tekst – barnehagen skal bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga

| Alder: | Tiltak:   | Aktivitetar:   |
|--------|---|--|
| 1-2 år | <ul style="list-style-type: none"><li>- Identitet, utforsking av verden og kulturskaping.</li><li>- Få fyrstehandserfaring med at ord og handling høyrer saman.</li><li>- Bruke språket på ein positiv måte i samvær med andre.</li></ul>   | <ul style="list-style-type: none"><li>- Gjenta ord, gode samtaler, tydelege tilkyningsreplikkar frå personale.</li><li>- Sjå på bilete, peikebøkar.</li><li>- Songar.</li><li>- Rim og reglar.</li><li>- Utvide barnas ytringar ved å gjenta ord i korrekt form og set desse inn i ein setning eller samanheng.</li><li>- Bruke språket i her- og nå situasjonar, setje ord på gjenstandar og handlingar.</li><li>- Leseaktivitetar, enkle eventyr.</li><li>- Omgrepstrening</li><li>- Stimulering av den auditive-sansen.</li></ul> |
| 3-4 år | <ul style="list-style-type: none"><li>- Begynne å sortere ord og omgrep.</li><li>- Kommunisere med andre, skape relasjonar, uttrykke kjensler.</li><li>- Sosial kompetanse, vennskap, inkludere andre.</li><li>- Konfliktløysing.</li></ul> | <ul style="list-style-type: none"><li>- Omgrepstrening (eks: Frukt og det som høyrer til her).</li><li>- Inspirere til samtaler, gje barna tid, være ein god lyttar.</li><li>- Fortelje etter leseaktivitetar, forklare (vankelege ord).</li><li>- Song, rim, reglar – eventyr.</li><li>- Leik, teikning.</li><li>- Stimulering av den auditive-sansen.</li></ul>  |

|        |  |   |
|--------|--|---|
| 5-6 år | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Sortere omgrep.</li> <li>- Kunne betydningsinnhaldet, av ord, motsetningar, lik betydning.</li> <li>- Konfliktløysing.</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Omgrepstrening (over og under omgrep).</li> <li>- Song, rim, reglar – eventyr.</li> <li>- Leik, teikning.</li> <li>- Rolleleik.</li> <li>- Leikeskrive/lese.</li> <li>- Fortelje til kvarandre, t.d.: «forteljartelt».</li> <li>- Gode samtaler/ dialogisk høgtlesing der me har god tid til å lytte/ svare.</li> <li>- Stimulering av den auditive-sansen.</li> </ul> |
|--------|--|---|

## Kropp, rørsle, mat og helse – Barnehagen skal leggje til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede, velvære og helse

| Alder: | Tiltak:  | Aktivitatar:  |
|--------|--|---|
| 1-2 år | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Me tilbyr sunn mat og mange smakar</li> <li>- Barna blir kjent med kroppen /handhygiene</li> <li>- Finmotorisk aktivitetar og utfordringar</li> <li>- Gje barna rom for bevegelse og sansemotorisk aktivitetar</li> <li>- Turar i nærmiljø</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Trene på å ete ulik mat, med ulik konsistens.</li> <li>- Halde koppen og skeia sjølv.</li> <li>- Vise bilete av forskjellige mat/frukt/grønt.</li> <li>- Øve på å vaske hendar med hjelp av personalet, bruke t.d. vaskesang.</li> <li>- Legge inn kvile, ro og fysisk aktivitetar i dagsrytmen ute/inne</li> <li>- Bli kjent med kroppen ved å fortelje om kroppsdelar, sjå i peikebøkar, rørslesongar om kroppen.</li> <li>- Påkledning t.d.: prøve å ta på sokkar o.l.(med hjelp).</li> <li>- Øve på dei grunnleggjande rørslene.</li> <li>- Barnet får erfaring med bevegelse i ulendt terreng og ulikt</li> </ul> |

|        |  |   |
|--------|--|---|
|        |  | <p>underlag til ulike årstider.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bruke gymsalen</li> </ul>  |
| 3-4 år | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Få kunnskap om menneskekroppen og forståing/betydning av gode vanar og kosthald.</li> <li>- Fokus på å gje same utfordringar uavhengig av kjønn</li> <li>- Tur i nærmiljøet</li> <li>- Gje rom for rolleleik</li> <li>- Fin- og grovmotorikk</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Oppmodar/oppmuntrar barna til å smake på ulik mat og frukt/grønt.</li> <li>- Smøre maten sin sjølv.</li> <li>- Fokus på god handhygiene i samband med måltid, dobesøk.</li> <li>- Lære om ulike kroppsdelar og funksjonen (armar, bein o.l).</li> <li>- Øve på og oppmode til å bli sjølvstendige i av- og påkledning.</li> <li>- Bruke musikk til dans, avslapping, rytme og rørsle.</li> <li>- Finmotorisk trening, t.d.: teikne, klyppe, spikke, sage, bake.</li> <li>- Legge til for å bruke kroppen slik at barna kan oppleve følelsen av glede og meistring, ute og inne.</li> <li>- Bruke gymsalen</li> </ul> |
| 5-6 år | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Gode erfaringar ved å vere ute i naturen og utfordre seg sjølv fysisk styrke grov / finmotorikk gjennom ulike erfaringar.</li> <li>- Styrke/vidareutvikle motoriske ferdigheter både fin / grov.</li> <li>- Bli trygge på eigen kropp</li> </ul>        | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bruke naturen i alle årstider, legge til rette for risikofylt leik og meistring.</li> <li>- Få bruke verktøy t.d. sag, kniv, øks, hammar</li> <li>- Bruk av gymsal, fotballbanen, symjehallen .</li> <li>- Beherske av- og påkledning, halde orden i egne klede. Oppmode til å finne fram, kle seg etter værforhold.</li> <li>- Personleg hygiene oppmuntre til å klare seg sjølv v/toalettbesøk og eventuelt tørke seg sjølv. Gode rutinar for handvask, snakke om bakterie /virus</li> </ul>   |

|  |  |   |
|--|--|---|
|  |  | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Sjølvmeistringstrening<br/>kjenne til sunt kosthald, tørre å smake ny / ukjent mat (frukt, grønt o.l)</li> <li>- Dans (rørsler).</li> <li>- Regelleiker: t.d. hauk/du, kongen befaler, raudt ljøs</li> <li>- Hjelpe til med praktiske gjeremål t.d. kjøkken, hjelpe andre barn og liknande.</li> </ul> |
|--|--|---|

## Kunst, kultur og kreativitet – Personalet skal la borna få utvikle fantasi, kreativitet og skaparglede

| Alder: | Tiltak:   | Aktivitetar:   |
|--------|---|--|
| 1-2 år | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Song, musikk og rørsle.</li> <li>- Eventyr og tradisjonsformidling.</li> <li>- Kreative uttrykksformar.</li> <li>- Kjenne seg glade og stolte over si eiga kulturelle tilhøyrse.</li> </ul>              | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Syngje songar med rørsler og samhandling, frå kulturar som er representert på avdelinga.</li> <li>- Bli kjende med eventyr og tradisjonar.</li> <li>- Lage lyd/musikk med og utan hjelpemiddel, til dømes eigen kropp, pinnar, rasler.</li> <li>- Bruke ulike typar formingsmateriell; papir, fargar, måling, sand, byggjeklossar, lim, naturmaterialet</li> <li>- Opplive teater og konsert</li> </ul> |
| 3-4 år | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Rim og regler.</li> <li>- Høgtlesing og drama.</li> <li>- Kultur i nærmiljøet.</li> <li>- Ha tilgang til ting, rom og materiale som støttar opp om dei leikande og estetiske uttrykksformene.</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Leike med ord og uttrykk, formidle ordspel og leiker frå barnetradisjonen.</li> <li>- Bruke barnelitteraturen, dikt og forteljingar og frå andre kulturar som er representert</li> <li>- Opplive teater og konsert, sjå film og lytte til musikk, og oppleve / bli kjende med kultur i</li> </ul>   |

|        |   |   |
|--------|---|---|
|        |   | <p>nærmiljøet.<br/>Aktivitatar, skulpturar<br/>m.m.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Sjølv få lage musikk og teater, og skape kunst.</li> <li>- Bruke ulike typar formingsmateriell; papir, fargar, måling, sand, byggjeklossar, lim, naturmaterialet</li> </ul>  |
| 5-6 år | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Design – arkitektur.</li> <li>- 3-dimensjonale formingsteknikkar.</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kikke på og snakke om form og materialbruk på møbler, bestikk og leiker. Likskap-/ulikskap på ute-/inneklede, vinter-/sumarklede.</li> <li>- Kikke på og snakke om form og materialbruk i parker, hus og skulpturar.</li> <li>- Bruke ulike typar formingsmateriell; papir, fargar, måling, sand, byggjeklossar, lim, naturmaterialet.</li> <li>- Jobbe med 3-dimensjonale formar som leire, tre, pappmasje og ståltråd/netting.</li> <li>- Opplive teater og konsert, sjå film og lytte til musikk, og oppleve / bli kjende med kultur i nærmiljøet.<br/>Aktivitatar, skulpturar<br/>m.m.</li> <li>- Sjølv få lage musikk og teater, og skape kunst.</li> </ul> |

**Natur, miljø og teknologi** – Personalet skal gje barna gode opplevingar i naturen

|        |         |              |
|--------|---------|--------------|
| Alder: | Tiltak: | Aktivitatar: |
|--------|---------|--------------|

|        |   |   |
|--------|---|---|
| 1-2 år | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Få oppleve og utforske naturen.</li> <li>- Få kjennskap om dyr og dyreliv.</li> <li>- Lære av naturen og utvikle begynnende forståing for korleis dei kan ta vare på naturen.</li> </ul>   | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Opplive naturen og mangfaldet gjennom heile året, i alle typar vær (lukte, smake, føle og sjå).</li> <li>- Turar i naturen (ut av vogna, ned på bakken).</li> <li>- Uteleik.</li> <li>- Gje barna tid på turane.</li> <li>- Bruke naturen som arena for leik, undring, utforsking og læring.</li> </ul>  |
| 3-4 år | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Få kjennskap til naturen og berekraftig utvikling.</li> <li>- Få kjennskap til syklusen til mennesket.</li> <li>- Få kjennskap om dyr og dyreliv.</li> <li>- Utforske teknologi.</li> <li>- Victoria-tur.</li> </ul>   | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Opplive syklusen frå frø til plante – frå plante til frø.</li> <li>- Før- og etterarbeid til Viktoria-turen; vatn, sluser, tømmerfløting. (4-åringane)</li> <li>- Bli kjende med digitalt verktøy, t.d. klokka, kamera, nettbrett.</li> <li>- Gjenbruk og resirkulering.</li> <li>- Gje barna tid til å stille spørsmål og reflektere over erfaringar og opplevingar.</li> <li>- Bruke naturen som arena for leik, undring, utforsking og læring.</li> <li>- Besøke ein gard med dyr.</li> </ul> |
| 5-6 år | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Få kjennskap til kropp og livssyklusen til mennesket.</li> <li>- Få kunnskap om dyr og dyreliv.</li> <li>- Få gode friluftsupplevingar året rundt.</li> <li>- Opplive og utforske naturen og mangfaldet i naturen, og få kjennskap til berekraftig utvikling.</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kildesortering, mat blir til jord – jord blir til mat, batteri og plast er spesialavfall – kva skjer med batteri og plast i naturen?</li> <li>- Reproduksjon, korleis kom vi inn i mammas mage, barndom, ungdom, alderdom og død.</li> <li>- Bli kjent med mat som byggeklossar, kva treng me for å byggje kropp?</li> <li>- Indre og ytre organ, korleis ser vi ut, utanpå</li> </ul>   |

|  |  |  |
|--|--|--|
|  |  | <p>og inni? Kva skjer med og i kroppen vår?</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjenbruk og resirkulering.</li> <li>- Besøke ein gard med dyr.</li> <li>- Ikkje sløse med ressursar.</li> </ul> |
|--|--|--|

## Mengd, rom og form – Barnehagen skal bidra til at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet

| Alder: | Tiltak:  | Aktivitetar:  |
|--------|--|---|
| 1-2 år | <p>Gje borna ei byrjande forståing av:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Nå og etterpå (tid).</li> <li>- Sortering.</li> <li>- Størrelse og mengde.</li> <li>- Teljing.</li> <li>- Plassering og rom.</li> </ul>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Nokre faste rutinar, setje ord på det som skjer og skal skje.</li> <li>- Sortere i leikekasser.</li> <li>- Snakke om og kjenne på gjenstandar, fasong og storleik.</li> <li>- Samling med regler, song og eventyr med konkretar.</li> <li>- Leik med klossar, puttekasser puslespel.</li> <li>- Telje fingrar og tær, teljeregler.</li> <li>- Snakke om plassering, over, under, nærme langt bort.</li> <li>- Undringstur inne og ute t.d.: kva former ser me, runde hjul, firkanta hus, osv.</li> </ul> |
| 3-4 år | <p>Gje borna erfaringar med:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Talrekkja frå 1-10.</li> <li>- Mål og vekt.</li> <li>- Geometriske former og matematiske omgrep.</li> <li>- Sortering og kategorisering.</li> <li>- Likskap og ulikskap.</li> <li>- Ulike spel.</li> <li>- Konstruksjonsleik.</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Song/ songleikar, eventyr og regler.</li> <li>- Bruke talrekkje med geometriske former.</li> <li>- Matlaging, ulike former, t.d.: tung/ lett, mykje / lite</li> <li>- Utforsking av gjenstandar ute og inne (tung /lett).</li> <li>- Bruke matematiske omgrep t.d.: kort - lang, tynn - tjukk, liten –stor.</li> <li>- Sortere og kategorisere leiker og</li> </ul>  |

|        |  |  |
|--------|--|--|
|        |  | <p>naturmaterialar på ulike måtar, ute og inne.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Samanlikning form, farge, storleik m.m. ute og inne.</li> <li>- Bruke enkle brettspel, t.d.: terning med fargar og punkt til tre</li> <li>- Bygge med ulike materiell og former, ute og inne.</li> </ul>  |
| 5-6 år | <p>Barna skal oppleve:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Glede over utforsking og lek med former.</li> <li>- Forståing med mål og vekt.</li> <li>- Forståinga av mengde.</li> <li>- Erfaringar med å løyse matematiske problem.</li> <li>- Å få ei før-forståing for dag, månad og år.</li> <li>- Erfaringar med digitalt verktøy.</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ulike fysikkforsøk, t.d.: undring over vekt/kontra storleik, m.m.</li> <li>- Matlaging, samanlikning av vekt og volum utifrå ulike gjenstandar.</li> <li>- Matematikk i dagleglivet, som ved bordekkning.</li> <li>- Kuleramme, undring over kva er mange/mykje?</li> <li>- Eksperimentering med deling av ulike former t.d.: ein sirkel kan delast på mange måtar</li> <li>- Dagen i dag – samling.</li> <li>- Meir «avansert» brettspel.</li> <li>- Bruke Ipad, kamera, internett, Salaby og liknande.</li> </ul> |

## Etikk, religion og filosofi - Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for livsverda og levesettet til andre menneske

| Alder: | Tiltak:   | Aktivitetar:  |
|--------|---|---|
| 1-2 år | <p>Gje borna ei byrjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Forståing og respekt for kvarandre, toleranse og likeverd</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vise omsorg, vise respekt ved å helse, vera lyttande og anerkjennande personalet.</li> </ul> |

|        |  |  |
|--------|--|--|
|        | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Interesse for tradisjonar, høgtider i ulike kulturar</li> </ul>   | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Grensesetting.</li> <li>- Konflikthandtering.</li> <li>- Lære å hjelpe kvarandre.</li> <li>- Markere ulike høgtider som er representert i barnehagen ved visualisering og konkretar i fellesskap.</li> <li>- Vera med på markering av FN-dagen.</li> <li>- Bli kjende med «Stoppregel».</li> <li>- Reflektere over rett og galt.</li> </ul>   |
| 3-4 år | <p>Gje borna:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Erfaringar med grunnleggjande kristne verdiar, humanetisk arv, tradisjonar og ulike merkedagar i dei religionane som finns i barnehagen</li> <li>- Kjennskap og forståing for grunnleggjande normer og verdiar</li> <li>- Moglegheiter til å utforske og filosofere over likskapar og ulikskapar</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Markere ulike høgtider som er representert i barnehagen ved visualisering og konkretar i fellesskap.</li> <li>- Barna skal få rettleiing i konflikhtar. Implementering av konfliktløysingsstrategi. Bruke «Stoppregel».</li> <li>- Reflektere over rett og galt.</li> <li>- Formidle forteljingar frå ulike kulturar.</li> <li>- Lage samværsreglar saman med borna.</li> <li>- Respekt for liv, (planter, dyr, insekt, menneske).</li> <li>- Filosofere over: Eg er meg, du er deg, me er ulike, men me er likeverdige.</li> </ul> |
| 5-6 år | <p>Barna skal oppleve:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Forståing for ulike måtar å leve saman på.</li> <li>- Forståing med grunnleggjande kristne verdiar, humanetisk arv, tradisjonar og ulike merkedagar i dei religionane som finns i barnehagen</li> </ul>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Samlingar der ein samtaler rundt ulike familieformer.</li> <li>- Formidle forteljingar frå ulike kulturar.</li> <li>- Markere FN-dagen, Barnekonvensjonen.</li> <li>- Markere ulike høgtider som er representert i barnehagen ved visualisering og konkretar i fellesskap.</li> </ul>   |

|  |  |  |
|--|--|--|
|  |  | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Lage samværsreglar saman med borna.</li> <li>- Respekt for liv, (planter, dyr, insekt, menneskje).</li> <li>- Filosofere over: Eg er meg, du er deg, me er ulike, men me er likeverdige.</li> <li>- Reflektere over rett og galt,.</li> <li>- Undre seg over liv og død.</li> </ul> |
|--|--|--|

## Nærmiljø og samfunn – Barnehagen skal bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda

| Alder: | Tiltak:  | Aktivitetar:   |
|--------|--|--|
| 1-2 år | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bli kjende med barnehagens område.</li> <li>- Bli kjende med nærmiljøet.</li> <li>- Bli kjende med ulike tradisjonar, levemåtar og familieformer.</li> </ul>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bruke heile barnehagens område, både inne og ute.</li> <li>- Turar i nærområdet.</li> <li>- 4 fellesdagar baa avdelingane i saman. (to dagar på kvar plass)</li> <li>- Markere ulike tradisjonar som er representert i barnegruppa, samt få kjennskap til samisk kultur. Markere FN-dagen.</li> <li>- Vise bilete, henge opp bilete på avdeling, lese bøkar og prate om ulike nasjonalitetar, levemåtar og familieformer.</li> <li>- Brannvernsveke med besøk.</li> </ul> |
| 3-4 år | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bli kjende med nærmiljøet.</li> <li>- Bli kjende med lokalhistorie og lokale tradisjonar.</li> <li>- Bli kjende med institusjonar og yrker i nærmiljøet.</li> <li>- Få kjennskap til barns rettar.</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Markere ulike tradisjonar som er representert i barnegruppa, samt få kjennskap til samisk kultur, markere FN-dagen.</li> <li>- Turar i nærområdet, men også ta buss for å bli kjent med</li> </ul>  |

|        |   |   |
|--------|---|---|
|        | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bli kjende med ulike tradisjonar, levemåtar og familieformer.</li> </ul>   | <p>nærmiljøet og kommunen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- 4 fellesdagar båe avdelingane i saman (to dagar på kvar plass).</li> <li>- Victoria tur frå Lårdal.</li> <li>- Vere med å ta ansvar, til dømes dagens hjelpar.</li> <li>- Vise bilete, henge opp bilete på avdeling, lese bøkar og prate om ulike nasjonalitetar, levemåtar og familieformer.</li> <li>- Brannvernsveke med besøk.</li> </ul>   |
| 5-6 år | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bli kjende med lokalhistorie og lokale tradisjonar.</li> <li>- Ferdast trygt i trafikk og nærmiljøet.</li> <li>- Bli kjende med institusjonar og yrker i nærmiljøet.</li> <li>- Utvikle tillit til samfunnsdeltaking.</li> <li>- Bli kjende med ulike tradisjonar, levemåtar og familieformer.</li> <li>- Få meir ansvar i kvardag.</li> <li>- Vere klare for skulestart.</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Brannvernsveke med besøk.</li> <li>- Samarbeid barnehage og skulen.</li> <li>- Markere FN-dagen med framføring av menneskerettane (barnekonvensjonen).</li> <li>- Overnatting i barnehagen.</li> <li>- Turar i nærområdet, men også ta buss for å bli kjent med nærmiljøet og kommunen.</li> <li>- 4 fellesdagar båe avdelingane i saman (to dagar på kvar plass).</li> <li>- Bruke bilete/ flagg på avdeling, lese bøkar og prate om ulike nasjonalitetar, levemåtar og familieformer.</li> <li>- Borna vere med å avgjera turmål.</li> <li>- Trafikkreglar: ut i trafikken lære høgre/venstre. Bruk av refleks og liknande.</li> </ul> |

## Trafikksikker kommune

Tokke kommune er ein trafikksikker kommune, det vil sei at me har innfridd nokre kriterium for å jobbe mot eit tryggare lokalmiljø. Når det gjeld barnehage så er det nokon punkt me skal jobbe med saman med barna. Og det er nokon punkt som skal takast opp på foreldremøte årleg.

Med barna skal me gå gjennom trafikkreglane me møter som fotgjengar. Sjå seg for over vegen og bruke sansane sine i trafikkbilete. Snakke om det å bruke bilbelte, sykkelhjelm og refleks.

På foreldremøte skal me ta opp sikring av barn i bil. Trygg trafikk har fleire videoar på yotube ein kan bruke. Me vil også be alle føresette og tilsette rygge inn mot barnehagen då de leverar og hentar barna dykkar. Dette gjeld også alle som parkerar på barnehagen og skulen si parkering.

